




**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Hedmark fylkeskommune
Postboks 4404 Bedriftssenteret
2325 HAMAR

 RINGSAKER KOMMUNE Rådmannen	
JournalpostID	
ArkivsakID / Dok.no:	
02 OKT. 2019	
Klassering	
Kassasjonsår	Saksbot.

Dykkar ref
19/5035 - 10

Vår ref
16/747-

Dato
01. oktober 2019

Svar på oppmoding om ny bompeng- og takstutgreiing av bomprosjekta i Hedmark

Eg viser til brev motteke 19. juni 2019 frå Hedmark fylkeskommune. Fylkeskommunen viser til Granavolden-plattformen og oppmodar departementet om å legge fram ei ny bompeng- og takstutgreiing for E6 Kolomoen-Moelv og dei andre bompengprosjekta i Hedmark.

Ei endring av vedtatte bompeng- og takstopplegg for E6 Kolomoen-Moelv og dei andre bompengprosjekta i Hedmark vil kunne gå mot vedtaka som er fatta av Stortinget. Slike endringar må difor leggjast fram for Stortinget på ny.

Granavolden-plattformen legg til grunn at bompengedelen i nye prosjekt skal liggje fast eller gå ned når kostnadene ved prosjektet blir lågare. Når det gjeld OPS-prosjektet på Rv. 3/25 Ommangsvollen - Grundset/ Basthjørnet, er finansieringa av utbygging av prosjektet tidlegare handsama av lokale styresmakter og seinare vedtatt av Stortinget gjennom handsaminga av Prop. 45 S (2016-2017). På bakgrunn av forslag frå regjeringspartia har Stortinget gjennom handsaminga av Meld. St. 2 (2018-2019), Innst. 391 S (2018-2019), fatta vedtak kor dei ber regjeringa om at kostnadsreduksjonen knytt til OPS-prosjektet på Rv. 3/25 Ommangsvollen-Grundset/Basthjørnet blir nytta til å redusere bompengar med inntil 200 mill. kroner i løpet av den samla finansieringsperioden for OPS-prosjektet.

Tilskotsordninga for reduserte bompengetakster utanfor byområda har førd til at fleire prosjekt har fått auka statleg bidrag. Ei rekke prosjekt i Hedmark og Oppland har mellom anna sett ned eller vil kunne sette ned takstane med 10 pst. som følgje av tilskotsordninga. Til dømes vil E6 Kolomoen — Moelv få 40 mill. kr i årleg tilskot gjennom hele innkrevjingsperioden og Rv. 3/25 Ommangsvollen vil få 18 mill. kr. I bompengeforliket mellom regjeringspartia går det mellom anna fram at det årlege tilskotet til reduksjon av

bompengar utanfor byområda skal aukast frå om lag 550 mill. kr. til om lag 1,4 mrd. kr. Dette vil også kunne komme prosjekt i Hedmark og Oppland til gode.

Eg har nyleg stramma inn gjeldande praksis for bruk av bom på sideveg. Statens vegvesen og Nye Veier AS skal ikkje planleggje bruk av bom på sideveg i framtidige prosjekt eller i prosjekt som er under planlegging. Dersom særlege høve tilseier bom på sideveg skal saka leggjast fram for departementet på eit tidleg tidspunkt. Departementet har i samband med denne innstramma gitt Vegdirektoratet og Nye Veier AS i oppdrag å gå gjennom prosjekt som i dag har vedteke bom på sideveg, for å sjå på moglegheitene for å fjerne desse. Ei slik endring føreset at garantisten for bompengelånet aksepterer ei slik endring. I tillegg må det være reell vilje til å garantere for inntektene til bompengeselskapet.

For prosjektet E6 Kolomoen - Moelv har Hedmark og Akershus fylkeskommunar eit delt garantiansvar. Departementet har enno ikkje motteke noko informasjon frå Akershus fylkeskommune som tilseier at begge garantistane ønsker å fjerne bom på sideveg. Departementet har 15. august 2019 sendt ei oppmoding til samtlige fylkeskommunar om ei tilbakemelding på korleis dei stiller seg til å fjerne sidevegsbommane i vedtatte prosjekt i eigne fylker.

Eg ønskjer at regjeringspartia sin offensive bompengepolitikk skal føre til reduksjon i bompengane også i Innlandet. Detaljane i korleis dette skal gjerast vil regjeringa kome tilbake til.

Med helsing


Jon Georg Dale

Kopi
Akershus fylkeskommune
Elverum kommune
Hamar kommune
Kongsvinger kommune
Løten kommune
Ringsaker kommune
Stange kommune
Sør-Odal kommune
Vegdirektoratet